



Rolf Ware  
Langafjellet 29  
5302 STRUSSHAMN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1407 - 19/13957

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:  
21.06.2019

## Melding om lågt nivå i septiktank - GBNR. 52/34

Meland kommune er forureiningsmynde etter forurensingslova og har plikt til å følgje opp meldingar om mogleg forureining eller fare for forureining.

Når det er fare for forureining i strid med forurensingslova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørga for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgje for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jfr. forurensingslova § 7.

Meland kommune har 06.06.2019 motteke melding frå Norva 24 Vest AS om lågt nivå i septiktanken på eigedommen din, gnr. 52, bnr.34. Lågt nivå i tanken tyder på at det er lekkasje frå tanken. Ved lekkasje frå septiktank renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

**Tilstanden må utbetrast snarast. Frist for arbeidet vert sett til seinast ved neste tømning av septiktanken, som i følgje Norva 24 Vest AS vil bli utført i perioden april til juli 2021. Då du som eigar av septiktanken no har fått ein lang fristperiode for utbetring, vil det ikkje bli gitt forlenging av denne etter at tanken er tømt og kontrollert i 2021.**

For å få utbetra septiktanken må du kontakte eit godkjent rørleggarforetak eller foretak som har ansvar for tømning av tanken din. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre dette arbeide.

Dersom lekkasjen allereie er utbetra ber vi om tilbakemelding på dette i vedlagt skjema.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetra lekkasjen, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurdere å gje pålegg om utbetring, jf. forurensingslova § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jfr. forurensingslova § 73.

### **Tilbakemelding**

Når lekkasjen er reparert må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sendes til:

- [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no) eller
- Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Spørsmål i saka kan rettast til saksbehandlar på telefon 56 17 10 00 eller på e-post.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Astrid Riise  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

GBNR 52-34 Skjema for tilbakemelding

**Mottakere:**

Rolf Ware

Langafjellet 29

5302

STRUSSHAMN